



Høgskulen  
på Vestlandet

Institutt for velferd og deltaking

## Referat

### Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 27.05.21 kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom (digitalt møte)

---

**Deltakere:**

Unni Aasen, fagseksjonsleiar

Hege Cathrine Aarile, faglig representant

Ingvild Hollekve, faglig representant

Ann-Jeanette Sandven, studentrepresentant, deltid kull 18

Solveig Øyehaug Moe, studentrepresentant, 1. klasse campus Sogndal

Mari Svinvik, studentrepresentant, 2.klasse campus Bergen

May Lereng, studentrepresentant, 3.klasse campus Bergen

Asbjørg Bjørkedal, Habiliteringstenesta i Sogn og fjordane, eksternt medlem

Beate Kristin Lilleheil, Helse Bergen, eksternt medlem

Silje Haugland, Førstelektor ved Universitetet i Agder, fagfellerepresentant

Ingrid Faaberg, administrativ representant og referent

**Forfall:**

Ann-Jeanett Sandven

Solveig Øyehaug Moe

May Lereng

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknad.				
<b>2/21 Master</b>				15 min
<b>Referat:</b>  Det arbeidast med utviklinga av master i sosialvitskap. Det vil vere mogleg å velje retning for vernepleie, barnevern eller sosialt arbeid i masteren. Arbeidsgruppa har nyleg hatt møte med eksterne etter utvikling av emne om miljøterapi. Det vart mellom anna diskutert ulike omgrep og korleis dei blir forstått ulikt i profesjonane. Dette er ei utfordring når ein jobbar tverrprofesjonelt. Namn på master har og vore diskutert, korleis synleggjere kven masteren er for?  SPR: Dette er ein attraktiv master for til dømes spesialisthelsetenesta. Masteren må vere spiss nok til at den vert eit tydlege alternativ for vernepleiarane, det er ikkje alltid vid sokargruppe er ein fordel for studiet på sikt. Masteren er for mange profesjonar, men samstundes vil vernepleiarar finne sin plass der. Student spelar inn at den høyrest interessant ut, og at det er fleire studentar i hennar klasse som ynskjer å ta master. For kommunalt tilsette vernepleiarar kan det vere vanskeleg å få lagt til rette å ta meir utdanning og det må jobbast mot kommunane for å gjere det enklare for dei tilsette å ta master (løn, tid m.m). Fagforeiningar arbeidar også med denne problemstillinga på nasjonalt nivå. Det er få stillingar tett med brukarane som krev master, dette er viktig å ha fokus på.				

Masteren skal ut på høyring i veke 22, studieprogramrådet er referansegruppe. Høyringa blir sendt ut til medlemmane i studieprogramrådet, innspel kan sendast skriftleg til HVL innan 14. juni. Eigen e-post kjem om dette.

<b>3/21 Status deltid</b>  Oppstart Haugesund				10 min
---	--	--	--	--------

**Referat:**

Hausten 2021 startar det to kull på deltid vernepleie. Eitt kull i Haugesund og eitt i Sogndal. I Haugesund blir samlingane ein dag kortare enn i Sogndal, og det blir digitalt undervisning/møte ein gong i veka dei vekene studentane ikkje møter på campus. Samlingane på campus blir hovudsakleg nytta til ferdighetstrening og liknande. Vernepleie er blitt godt mottatt av fagmiljø i Haugesund, alle fasilitetar er klare. Samarbeidet har vore særskilt godt. Studieprogrammet må vidareførast av HVL i 2022 etter eit år med DIKU-midlar, og det vert det jobba for at det vert realisert. Så langt har det kome mykje spørsmål om praksis, og kor den kan gjennomførast. Heiltid og deltid har same fagleg innhald, men ulik prosesjon. Heiltid har same emne i Sogndal og Bergen. Deltid har same emne i Haugesund og Sogndal. Timeplan er ikkje lik grunna ulike behov på ulike campus. Emneansvarlege jobbar godt saman på tvers av campus.

<b>4/21 Søkertal</b>				10 min
----------------------	--	--	--	--------

**Referat:**

Søkjartala er veldig gode. Det er tydeleg at deltid og fleksible utdanningar er ettertrakta.

Vernepleie Bergen har totalt 1764 søkerar, 301 med vernepleie på førsteval

Vernepleie Sogndal heiltid har totalt 772 søkerar, 81 med vernepleie på førsteval

Vernepleie Sogndal deltid har totalt 920 søkerar, 138 med vernepleie på førsteval

Vernepleie Haugesund deltid har 1197 søkerar, 265 med vernepleie på førsteval

<b>5/21 Status kvalitetsarbeid</b>				10 min
------------------------------------	--	--	--	--------

**Referat:**

Kvalitetssystemet er etablert, og det jobbast med å forenkle det som har vore tungrodd. Arbeidet er under utvikling. Det er fastsett kva evalueringar som skal gjennomførast og delast. Svarprosenten er av og til lav. Det er faste klassemøter og møter med tillitsvalte. Faste dialogmøte for fag for å gjere nytte av evalueringa, og gjere justeringar ut frå det som er meldt attende. Det er ei utfordring å få meldt tilbake til studentane at endringar vert gjort. Tilbakemeldingar som går att er at studentane opplever at rettleiing på skriftleg arbeid er ulikt. På personalsamling til hausten skal dette vere tema; korleis samordne rettleiing på skriftlege oppgåver. Student fortel at ho ikke tykkjer det er for mykje evaluering. Ho trur det kan vere meir. Det kan vere positivt om det blir meir informert om kvifor det er viktig å svare på evalueringane, og kva det blir brukt til. Må vere tydleg at det er ein effekt å svare på undersøkinga. Fag opplever at det er vanskeleg å vite kor nivået bør vere med evalueringar.

Innspel frå ekstern: førelesar bør peike ut kva som er endra frå sist gong emne gjekk til studentane, då blir det synleg at evalueringar fører til endring. Ho har også gode erfaringar med å involvere studentrepresentantane i å skrive rapportar frå evalueringsmøter med klassen. Rapportane blir deretter sendt ut til kullet for innspel. Dette gir studentane ansvar for evaluering og rapport, og skaper engasjement. Kan også vere ein del av læringsutbytte å vere involvert i evaluering og skrifteggjering av desse.

Timesats for emneansvarleg er auka, og det er laga oversikt over kva emneansvarleg har ansvar for. Mykje administrative oppgåver i tillegg til ansvar for det faglege i emne. Fag jobbar med å samordne korleis dei legg opp emna i Canvas – skal nytte mal og gjere det likt. Student opplyser at ho syns Canvasemna er like, har ikkje syns det er problematisk. Det har vore ei positiv digital utvikling i covid-19 perioden.

Sjølvevaluering RETHOS – sosialt arbeid og barnevern i år evaluerer i år, fagseksjonsleiar reknar med at vernepleie skal vere med neste år.

<b>6/21 Årleg sak om praksis</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Avtaler</li><li>• Oppfølging og vurdering</li><li>• Evaluering og tilbakemeldinger fra praksisfeltet</li></ul>				10 min
---	--	--	--	--------

**Referat:**

Det arbeidast med samarbeidsavtalar med kommunar/føretak for å få faste avtalar om kor mange studentar dei kan ta i mot kvar gong det er praksis. Avtalane vil og kunne avklare kva forventingar er det til praksisstaden og til HVL. Det er ei stor mengd med avtalar som skal på plass. Avtalane skal sikre at det blir meir føreseieleg, tydeleg for både HVL og praksisstaden, og at det blir gode praksisperiodar. Praksis blir evaluert både av studentar og praksisfeltet. Avtalane inkluderer også internasjonale studentar. Arbeidet krev at det er ei samordning mot andre utdanningsar som skal ut i praksis samstundes på same type praksisplass. Til dømes i psykiatrifeltet der dei ynskjer ofte å ha vernepleiarar i praksis, skal også sjukepleie ut. Vi må syte for at det ikkje blir ein konflikt internt.

Våren 2021 var svært krevjande når det gjaldt å få tak i nok praksisplassar. Det var 3 kull i Sogndal som skulle ut i praksis samstundes. Alle studentane fekk plass og har gjennomført/er i praksis. Det var eit godt arbeid som vart gjort.

<b>Pause</b>				10 min
<b>7/21 Studiebarometeret evt andre undersøkingar</b>				20 min

**Referat:**

Sogndal deltid: 39% (12 studentar) har svara på undersøkinga. Dette kullet har hatt noko misnøye frå start. Det vart mykje endringar, flytting av eksamen og arbeidskrav på grunn av covid-19. Dette kan ha påverka resultatet. Det er ein overordna tilfredsheit på 3,3 som har gått litt ned frå sist. Kvalitet på informasjon om studieprogrammet er dei minst nøgde med. Litt diffus spørsmål og kva ein kan dra ut at dette resultatet. Informasjon ut er dei ikkje fornøgd med. Nøgde med studiemiljøet, noko som er svært bra sidan dei har hatt veldig mykje digitalt. Medverknad er dei ikkje fornøgde med. Digital undervisning er positivt for deltid.

Sogndal heiltid: 78 % (31 studentar) har svara. Det vart lova pizza til klassane som hadde 80% svarprosent, denne klassen fekk sidan dei var nært 80%. Overordna tilfredsheit er høgare enn førre undersøking, og kullet er nøgde med studieprogram. Medverknad scorar vi lavt på her også. Studentane er ganske fornøgde. Studentane har brukt mindre tid på studie og meir tid på betalt arbeid syner undersøkinga.

Bergen: 59% (44 studentar) har svara. 4,1 overordna tilfredsheit. Tilbakemeldingar frå fagleg har tilfredsheita gått mest ned på. Eige engasjement har gått ned, medan forventingar til studiet har gått opp. Studentane er nøgde med det sosiale miljøet. Vanskeleg å tolke korleis studentane eigentleg tolkar spørsmåla på nokre punkt. Positiv bruk av digitale verktøy. I forhold til det psykososiale så speglar det det andre undersøkingar har synt. Student: klassen er veldig delt på korleis dei

stiller seg til digital undervisning, noko som syner att i undersøkinga også. Praksis vart gjort om til heimeeksamen for dette kullet, og det gjorde dei nok ikkje så fornøgd, men det hjalp at det var bestått/ikkje bestått resultat.

Ingen overrassingar frå undersøkinga for fag. Resultata samsvarar med det dei har fått på andre utdanningsinstitusjonar. Krise (som nedstenging mars 2020) fører til behov for meir informasjon. Det er kjent at det er utfordringar knytt til denne typen undersøkingar og kva ein ber studentane uttale seg om. Erfaring frå eksterne fagfelle er at studentane vel å sjå forelesingar fleire gonger framfor å lese pensum. Dette skal dei sjå nærmare på. HVL-studenten kjenner seg ikkje igjen i dette, har hatt lite opptak av undervisning.

<b>8/20 Orienteringssaker</b> fra HVL, FHS utdanning	Vedlegg:			20 min
---	----------	--	--	--------

**Referat:**

**Strategiske midlar til internasjonalisering** – Institutt for velferd og deltaking har fått midlar og det skal utviklast ein app til studentane. Appen skal gjøre det enklare å finne informasjon om kva emne som er førehandsgodkjente i samband med utveksling. Det blir dermed lettare å orientere seg for studentane for kva som er mogeleg, både praksis og teoretisk utveksling. All førehandsgodkjenning blir digital, noko som vil forenkle prosessen. Utdanningane har fått 500 arbeidstimar til dette arbeidet.

**DIKU-søknad internasjonalisering** – vernepleie har søkt om midlar saman med barnevern og sosialt arbeid. Prosjektet har fokus på studentmobilitet utreise. Søknaden består av 4 arbeidspakker. Arbeidspakke 1 har fokus på utreise, både teoretisk utveksling og praksis utveksling. Arbeidspakke 2 har fokus på kulturbrygging for utveksling både hjå tilsette og studentar. Arbeidspakke 3 skal syte for utvikling av studieprogram slik at det blir lagt til rette for å kunne reise ut, og det skal vere mobilitetsvindauge på alle tre utdanningane. Den 4. arbeidspakka skal sikre at formidling og spreiling av kunnskap frå prosjektet. Det er ein prosjektleiar på kvar pakke, og alle utdanningane er representerte som prosjektleiarar. I søknaden er det synleggjort samarbeidsavtale med tre universitet. 2 i Nederland og 1 Belgia. Dette har ein fått til mellom anna fordi ein allereie har samarbeid på Crossing borders på vernepleie. Prosjektet skal vare i 4 år, og nokre av måla er at 30% studentar skal reise på utveksling i 2023, 50% studentar på utveksling i 2026. Lærarar skal også auke mobiliteten sin, og målet her er 25% av lærarar ut i 2026. Fokuset er på utveksling i Europa. Utdanningane skal holde på dei avtalane som allereie er på plass, og avtalane i Tanzania/Zambia for praksisutveksling er populære, og går av seg sjølv. Er derfor ikkje fokus i prosjektet. Det same gjeld Australia som mål for teoriutveksling. Det er også byrja eit arbeid for praksisutveksling til India, då det er fagperson som har kontaktar i India. Utdanninga jobbar fortløpende for å få fleire samarbeidspartar. Internasjonalisering er eit fokus i HVL. I arbeidet med søknaden

har det vore eit godt samarbeid på tvers av utdanningane, og dette ynsker ein å vidareføre til studentane på utdanningane. Prosjektet vil fyst fokusere på teoriutveksling, då dette er enklare å få til i større format enn praksis. Eit av måla er at det skal vere likt tilbod for studentane uavhengig av campus og studie, og det skal vere mogleg med både lange og korte opphold.